



SENTER FOR IKT I UTDANNINGEN

iktplan.no

Skrevet av Marie Smedsrød 30. mars 2017



IKT-plan

IKT-plan tilbyr ein systematisk plan for å utvikle digitale ferdigheiter i barnehagar og skular.

Iktplan.no er ei teneste frå Senter for IKT i utdanninga for skuleutvikling, kompetanseheving og som ressurs i undervisninga. Planen er bygd på rammeverket K06, og er eit forslag til minimumsgjennomgong av digitale ferdigheiter i grunnskulen. IKT-plan inneheld mål og kriterium for dei digitale ferdigheitene. Du finn også rettleingar, videoar, undervisningsopplegg, kompetansepakkar, kursmateriell og kartleggingsressursar. IKTplan er tilgjengeleg på bokmål og nynorsk for heile utdanningsløpet frå barnehage til vidaregåande opplæring.

Innhaldet på iktplan.no er ope og tilgjengeleg for alle. Kvar enkelt kommune får i tillegg ein tilpassa vising med eige kommunevåpen. Dei kan velje å skjule innhald som ikkje er relevant, og dei kan velje målform. For kommunale tilpassingar må [kvar enkelt kommune kontakte Moava, som driftar nettstaden](#). [1]

[Gå til iktplan.no](http://iktplan.no) [2]

